

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 24.05.2011

Sak nr.: 11/2728-2

Internt l.nr. 15115/11

Sak: 32/11

Tittel: Fylkeskommunalt tenestenivå på rutebiltenester

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Tenestenivå på rutetilbod, takstar, billettprodukt og ruteopplysning vert å vidareføre som i dag. Ved gjennomgang må administrasjonen vurdere kva som er hensiktsmessig ressursbruk. Administrasjonen får fullmakt til å foreta mindre justeringar der det er hensiktsmessig. Ved behov for vesentlege endringar skal dette drøftast politisk.
2. Administrasjonen skal som eit minimum syte for venterom og toalett på dei største knutepunkta i fylket.
3. Administrasjonen får fullmakt til å innleie drøftingar med eigarar av aktuelle rutebilstasjonar om kjøp/leige.
4. Administrasjonen greier ut kva som er hensiktsmessig av leige eller eige på den enkelte lokasjon. Det må og vurderast alternativ lokalisering. Framlegg til avtalar om kjøp/leige av rutebilstasjonar vert å legge fram for politisk avgjerd.
5. Administrasjonen skal utifrå faglege vurderingar avgjere om fylkeskommunen stiller til rådvelde sjåførfasilitetar og parkeringsplassar for bussane eller om det skal overlatast til operatør.

---- ” ----

Hovudutval for samferdsel fann representanten Ole Gunnar Krakhellen (H) habil til å delta ved handsaminga av saka.